

Styremøte Delta samfunnssikkerhet 09 desember 2019

Til stades: Thomas, Steinar, Janniche, Frank, Elin og Birthe

Referent: Birthe

Sak 1: Gjennomgang av referatet etter forrige styremøte 11. november.

Sak 2: Informasjon –aktuelle saker

Gjekk gjennom agenda for møtet.

Sak 3: Søknad om midlar frå MO-fondet

Thomas etterlyser svar på søknaden.

Sak 4: IDF-møte 12 desember

Gjekk gjennom agenda til saker, teke til etterretning. Thomas og Steinar møter.

Sak 5: Vaktbetaling – Oppland sfd - etterbetaling

Thomas orienterer om korleis saka står pr. i dag, vi har fått ein uttale frå Delta sine advokatar, vi sender denne uttalen i ein epost til sjef sivilforsvar og HR-direktør. Vi ber om eit svar tilbake og ber om eit møte snarast.

Sak 6: Pilot – felles beredskapsvakt Hedmark – Oppland

Orientering om saka, vakta blir meir betydeleg byrde pga større distrikt.

Sak 7: Permisjonar utan lønn

Delta tek til etterretning at det er arbeidsgjevar sin styringsrett å avgjere slike søknader.

Sak 8 : Representantskapsmøte 2020

Tid 24.mars-26.mars er bestemt, stad: forslag Kiel-båten 25-30 personar. Oppmøte kl 1200.
Styremøte 23. mars, sentralstyret møter kl 1300 i Oslo – overnatting hotell, sekretær ansvarleg. Birthe sender ut førespurnad til Colorline for 24.-26. mars og bestiller overnatting til styret i Oslo 23-24 mars.

Nye valg av nye plasstillitsvalde der det er mindre enn tre representantar pr distrikt, ein felles for to distrikt.

Innkalling til representantskapsmøte sendast tidleg i januar 2020. Svarfrist 31. januar. Bruk mal frå 2019.

Valg av møteleiar er Janniche, møtesekretærar Birthe og Frank, protokoll -, redaksjons- og opptellingskomite – Leidulf og Marius.

Årsmeldinga – Thomas og Birthe. (informasjon, antal saker, aktuelle saker, økonomi)

Regnskap 2019 – Elin.

Sak 9 - Langsiktig mål og prinsippprogram

Styret gjekk gjennom denne, vedteke på repr.møte 26. mars 2019.

Sak 10 – Medlemskontingent

Kasserer sender epost til lønnsavdelinga at vi har kontingenttrekk med eit tak på max kr 800 pr mnd, ref vedtak på repr.møte 26 mars 2019.

Sak 11 - Budsjett – og regnskap

Vedtak – går samrøystes vidare med framlegg frå kasserer

Sak 12 – Handlingsprogram

Små endringar, kun rette årstal.

Sak 13 – Vedtekter for Delta samfunnssikkerhet

Gjekk gjennom vedtekter datert 6. mars 2018, legg ved forslag til endringar på repr.møte i 2019 – sak 10.

Sak 14 – Valg

Sentralstyret har aktivisert valgkomiteen.

Sak 15 – Høyring om endring i Sivilbeskyttelseslova

Grunnlaget er høyringsnotat frå Justis og beredskapsdepartementets samfunnssikkerhetsavdeling, datert 25.09.2019.

Vi sender inn vår høyringsuttale.

Birthe Lysne
Sekretær (sign.)